



KONTROLLUTVALET FOR RADØY KOMMUNE SÆRUTSKRIFT

Møtedato: 05.04.2017
Stad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Kl.: 09.00 – 11.30
Tilstade: Arild Tveranger (leiar), Astrid Nordanger (nestleiar), David Pletten Aasgard (medlem) og Siv Beate Marøy (medlem)
Innkalla: Rådmann Jarle Landås, økonomisjef Sveinung Kvamme (til sak 13/17) og ordfører Jon Askeland (til sak 13/17)
Revisjon: Revisjonssjef Reidar Bjørsvik og forvaltningsrevisor Randi Rykkje
Sekretær: Tonje Husum Aarland
Forfall: Cyril Marøy (medlem)

.....

13/17 Årsrekneskapet 2016 og revisjonsmelding – uttale frå kontrollutvalet

Saksvedlegg: Årsrekneskap 2016 for Radøy kommune, årsmelding for 2016 for Radøy kommune, Revisjonsmelding og Revisjonsrapport nr. 14

Kontrollutvalet skal gje uttale om årsrekneskapet før det vert vedteke av kommunestyret og kopi av uttala skal til formannskapet før dette organet gir innstilling om årsrekneskapet til kommunestyret, jf. § 7 i «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner».

Rådmann Jarle Landås, økonomisjef Sveinung Kvamme og revisjonssjef Reidar Bjørsvik møtte i saka for å orientere.

Kontrollutvalet gjekk gjennom årsrekneskapet for 2016, og stilte spørsmål til administrasjonen og revisor om tilhøve kring årsrekneskapet, årsmeldinga og revisjonsrapporten.

Samrøystes vedtak:

Med tilvising til det som her er nemnd vedtok kontrollutvalet å gje slik uttale til kommunestyret om Radøy kommune sitt årsrekneskap for 2016:

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for Radøy kommune for 2016. Saman med årsrekneskapen låg føre årsmeldinga frå rådmannen samt revisjonsmelding for 2016 og revisjonsrapport nr. 14.

Kontrollutvalet meiner at presentasjon av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og notar, tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov. Kontrollutvalet vil peike på følgjande:

Netto driftsresultat er 15,6 mill. kr, det er 3,2 mill. kr høgare enn i 2015. Note 23 viser også at årets resultat i mindre grad skuldast bundne inntekter som ikkje er nytt og difor må setjast av til fond. Det positive resultatet gir grunnlag for avsetting til fond som kommunen treng.

Driftsutgiftene auka med 2 %, mens driftsinntektene auka med 3 % i 2016.

Utgifter til lønn og sosiale utgifter aukar med 2 % i 2016. Note 22 viser at tal årsverk er 410 i 2016, ein auke på 10 årsverk frå 2015. Det er viktig med fortsatt fokus på å få ned sjukefråværet i Radøy kommune.

Den langsiktige gjelda til kommunen har auka med ca. 3,9 mill. kr i 2016, og den utgjer 67 % av driftsinntektene. Kommunen nyt godt av at der er eit lågt rentenivå.

Kommunen sin likviditet har betra seg og er ikkje like avhengig av ubrukte lånemidlar for å halde likviditeten oppe.

Kommunen sitt delegasjonsreglement i vedlegg 3 set krav om at avvik på dei ulike områda skal forklarast i årsmeldinga, dette er også eit krav i § 10 i forskrift om årsrekneskap og årsmelding. Det er totalt eit mindreforbruk på tenesteområda (skjema 1B) 2,4 mill. kr. Det er Helse og omsorg og Oppvekst som har mindreforbruk, Stab og politisk har eit overforbruk.

Kommuneloven § 48 nr 5 seier at årsmeldinga skal gjere greie for den faktiske tilstanden for likestilling i kommunen, arbeidet med å sikre ein betryggande kontroll og høg etisk standard. Likestilling vert omtala i note 22 i årsrekneskapet.

Årsrekneskapet oppfattas av kontrollutvalet som oversikteleg og med informative noter.

Revisjonsrapport nr. 14 peikar blant anna på:

- Rekneskapen er generelt god dokumentert og avstemt
- Bør innføre større grad av elektroniske løysingar for å registrere timer og fråver
- Sosiale utbetalingar
 - Det er stilt spørsmål frå revisjonen til NAV om avvik utan at det er gitt svar
 - Tidlegare påpeiking om at sosialutbetalingar kun viser tilvisning/attestasjon av ein person – det er ikkje retta opp i 2016

Kontrollutvalet vil i løpet av 2017 følgje opp revisjonen sine kommentarar til sosiale utbetalingar.

Bundne fond på sjølvkosttenestene vatn og avløp er no ganske høge, sjå note 20. Det må takast omsyn til det ved fastsetting av gebyr for 2018. I retningslinjene for beregning av selvkost (H-3/14 – utgitt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet – februar 2014) står det følgjande:

«For å ivareta generasjonsprinsippet må et positivt selvkostresultat (overskudd) være tilbakeført til brukerne av selvkosttjenesten innen fem år.»

Det betyr at dersom det er deler av fondet som er opparbeida før 2012 så må den delen nyttast i løpet av 2017.

Utover dette og det som går fram av revisjonsmeldinga til årsrekneskapen datert 25.03.2017 og revisjonsrapport nr. 14 datert 25.03.2017, har kontrollutvalet ingen andre merknader til årsrekneskapen for Radøy kommune for 2016.

Manger, 5. april 2017



Arild G. Tveranger

Arild Tveranger /leiar



Tonje Husum Aarland

Tonje Husum Aarland /sekretær

Kopi: Ordfører
Rådmann
Økonomi-
ansvarleg

Radøy kommune
Kontrollutvalet

Isdalstø, 25.03.2017
Revisjonsrapport nr.14

Årsrekneskapen 2016

Vi har revidert kommunen sin årsrekneskap for 2016. Vårt arbeid er utført med heimel i kommunelova § 78 og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv. som set nærare krav til revisjon av kommunen sin årsrekneskap. Forskrifta § 4 krev at planlegging, gjennomføring og rapportering av revisjon skal skje etter krava i lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk. God kommunal revisjonsskikk fylgjer mellom anna av internasjonale revisjonsstandardar (ISA). Vår hovudoppgåve er å konkludere på om årsrekneskapen er avlagt utan vesentlege feil. Revisjonshandlingane gir oss grunnlaget for denne konklusjonen. Desse handlingane er styrt av vurderingar i høve til risiko og vesentlighet og vil mellom anna omfatte stikkprøver, analysar, fysisk inspeksjon, samtalar med leiinga og ulik ekstern informasjon.

I denne rapporten vil vi kommentere nokre forhold som fylgjer av vår revisjonsgjennomgang. Generelt er rekneskapen godt dokumentert og avstemt.

Interimsrevisjon

Revisjonsbesøk Manger skule

Før årsskiftet vart det utført revisjon av nokre områder i kommunen. Mellom anna besøk på Manger skule der vi fekk informasjon om gjeldande økonomiske rutinar. Vi kontrollerte grunnlag for fakturering av foreldrebetaling SFO motteke på skulen mot faktisk utsende fakturaer. Kontrollen avdekket ingen avvik. Under lønsområdet fekk vi kopi av skulen sitt lønsgrunnlag for ein etterspurt månad og dette vart kontrollert mot lønsrekneskapen i kommunen. To mindre avvik på registrerte timar vart teke opp med økonomikontor for

retting. Vi har ingen merknader til skulen sine rutinar for registrering av timar og fråvær. Vil likevel rå til at ein vurderer å innføre større grad av elektroniske løysingar for lønsregistrering. Dette kan gi ein effektivitetsgevinst og redusere risikoen for at feil oppstår. Innkjøps rutinar vart gjennomgått og vi gjennomførte fysisk kontroll av nokre utgiftsførte kjøp med omsyn til at varene kunne framvisast. Denne kontrollen viste ingen avvik.

Husleigeinntekt

Fakturering av husleige vart kontrollert mot fakturagrunnlag. På kontrolltidspunktet var ikkje totalansvar for utleigedelen heilt klarlagt etter endringar i intern organisering. Vi vil rå til at fakturagrunnlag for uleigeinntekter blir oppdatert i excel eller liknande der alle bustader som kommunen disponerer er tekne inn. Dersom bustader står tomme kan ein kommentere årsaka i dette reknearket. Oppstillinga bør vera slik at husleige blir summert for den aktuelle månaden og dermed gir høve til avstemming mot fakturert husleige i Visma.

Innkjøp og mva

I samband med godkjenning av mva kompensasjonsoppgåver har vi utført stikkprøvekontroll av utgiftsbilag i 2016. Avvik er fortløpande teke opp med økonomikontoret for retting. Generelt er her lite feil og avvik og ingen av desse er vurdert som systemfeil som kan medføre vesentlege feil i årsrekneskapen.

Sosiale utbetalingar

Sosialutbetalingar blir innmeldt til skatteetaten. Avstemming av innmeldte beløp viste avvik mot rekneskapen og vi har bede om forklaring til desse avvika. Vi har og bede om oversikt over sosialutbetalingar pr. personid. for å vurdere detaljkontroll av sosialutbetalingar. NAV har ikkje svart på desse forespørslane i 2016 og vi vil vurdere å følgje dette vidare opp i 2017. Vi har tidlegare kommentert at utgiftsdokumentasjon vedrørende sosialutbetalingar kun viser tilvising/attestasjon av ein person. Dette er ikkje endra i 2016.

Formidlingslån

Kommunen sine formidlingslån er frå 2015 administrert av Lindorff. Det er nokre mindre avstemmingsdifferansar pr. 31.12.16. Vi ber om at det blir vurdert korleis føring og avstemming av formidlingslån kan gjennomførast slik at det er fullt samsvar mellom kommunerekneskapen og rapportane frå Lindorff.

Balanse

Nokre mindre postar under kortsiktig gjeld i balansen er gamle og kan avklarast og eventuelt ryddast i 2017. Det vil vera ein fordel at avklaringar blir gjort før ein skal gjennomføre kommunesamanslåing. Utgiftsbilag 100680 på kr 100 480 i 2017 gjeld slamavskiljar i 2016. Beløpet skulle vore avsett og utgiftsført i 2016 med verknad for sjølvkost 2016. Vi har ikkje vurdert dette som ein vesentleg feil då utgiftsføring i sjølvkostrekneskapen kjem med i 2017.

Kontantkassar

Det føreligg ikkje dokumentert og signert teljing for alle kontantkassane pr 31.12. Kontantkassar bør teljast og avstemmast jamleg og dokumenterast. Signert og datert kasseteljing må inngå som ein del av avstemmingsdokumentasjonen.

Oppsummert

Kommentarane i dette brevet endrar ikkje vår konklusjon om at årsrekneskapen er utan vesentlege feil. Vi har såleis ingen atterhald eller presiseringar i revisjonsmeldinga for 2016.

Med venleg helsing

Nordhordland Revisjon IKS



Reidar Bjørsvik

Revisjonssjef

Til kommunestyret i Radøy kommune

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Administrasjonssjefen

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Radøy kommune som viser kr 291 353 425 til fordeling drift eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 13 173 445. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2016, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2016, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overholdt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Administrasjonssjefen er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av informasjon i kommunens årsmelding, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Administrasjonssjefen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide et årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjøn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeidar vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av administrasjonssjefen, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og administrasjonssjefen mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og kor tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheter av betyding i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga


Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Isdalstø, 25.03.2017

Nordhordland Revisjon IKS



Reidar Bjørsvik

Revisjonssjef